

John Magnus Ragnhildson Dahl: "“Svindemokratarna” og komedie som moralsk fordømming"

Det vakte mange reaksjonar i offentlegheita det innvandringskeptiske partiet Sverigedemokraterna kom inn Riksdagen i 2010. Ein av desse kom i form av ein episode i ein komiserie, nemleg «Svindemokratarna» av gruppa Grotesco. Denne episoden er ein openbar grotesk parodi av Sveridemokraterna, der deira rurale røter blir overdrevne og røtane deira til historiske nazistmiljø blir understreka.

Sidan dette både er knytt til partipolitikk og identitestsspørsmål er det eit godt høve for å utforske komediens retorikk. Eg argumenterer for at den aktuelle komedieepisoden bør bli sett på som eit innlegg i offentleg debatt. Sjølv om komedie per definisjon ikkje er seriøs kommunukasjon, har sjangeren visse estetiske trekk som gjer den veleigna til å utføre tre retoriske funksjonar: Forme gruppeidentitetar, gjere moralske dommar og kritisk utforskning av samfunnssdilemma. Med utgangspunkt i Quentin Skinner sin retoriske metode for analyse av historiske tekstar vil eg syne korleis Grotesco andre-gjer både SD og veljarane deira, korleis dei kritisk utforsker SD sin påstand om at dei representerer det svenske folket, og til slutt korleis dei moralsk fordømmer SD for å vere framandfiendtlege og til og med rasistar. Artikkelen bidreg både til teoriutvikling når det kjem til komedien sin retorikk, og til metodisk nyvnning ved å nytte Skinner sin metode, opphaveleg utvikla innanfor idéhistorie, til å skrive populærkulturhistorie.